

# Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv

## Litt om serien:

Kva vil det seie å vere kristent fellesskap? Spørsmålet har vore med oss heilt sidan dei første gruppene Jesus-truande samla seg i heimane for å dele liv, lovnader og lovsong, og det er like aktuelt i dag som den gong. Paulus sitt brev til dei kristne i Efesos-området gir eit godt overblikk over kva som bør kjenneteikne livet i kristne fellesskap. Ut frå dette kjem visjonen for smågruppearbeidet i Normisjon S&F: **Jesu kjærleik for våre bygder- gjennom våre liv.**

Dette har vi konkretisert i 4 verdier som vi ønskjer skal kjenneteikne oss.

Gjennom fire gruppeopplegg vil vi gå gjennom desse verdiane og samtidig gjennom efesarbrevet. Vi ønskjer å vere:

### Frimodige arvingar

### Takksame tilbedarar

### Trufaste søsken

### Rause sendebod

## Litt om tema:

Kristen tru er ikkje berre håp om løn der framme. Det er ny status her og no. Vi er Guds born. Gjennom Jesu liv, død og oppstode og trua på Han er vi gjort til arvingar. Tenk det! Mange brukar mykje tid på ei rastlaus og usikker jakt etter identitet. Kven er eg? Er eg god nok? Har eg noko? Jesu kjærleik stadfestar oss, gjev oss verdi og set oss fri til å ta imot ein identitet vi får leve med. Denne identiteten vil vi gjere kvarandre frimodige på. Om vi berre kunne forstå den rikdommen som har blitt oss til del – nytt liv!!

# Frimodige arvingar



## Bibel

Les teksta høgt:

### Efesarbrevet kapittel 1

-vegleiande spørsmål:

- Kor mange gonger i v. 1-14 finn du orda «i/ved/til Kristus/Jesus/han»? Kva står det at vi har i han? Kva trur du denne repetisjonen skal fortelje oss?
- Kva er det Paulus ber om frå vers 17 at Gud må gje dei kristne i Efesos?
- Ut frå det du les i kapittel 1, kva er det som til sist er poenget med at vi får arverett og blir frelst?



## Misjon

- gjennom deg og vidare

Konsekvensen av eit ateistisk syn på livet vil vere at alt blir

mørkt til slutt og ingenting djupast sett har mening. Korleis kan vi hjelpe folk til å tørre og tenkje denne tanken heilt ut, og kva er den gode bodskapen vår om håp i møte med dette?

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalaner, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

**Kva hørde eg?**

**Kva gjer eg med det?**



## Fellesskap

-den ærlege samtalen

- På kva måte blir dagleglivet vårt styrt av kva håp vi har? Kva for håp er det som får deg til å gjere daglege ting?
- Kva for område i livet vårt er styrte av frykt for noko? Korleis kan dette endre seg om vi lar Guds kraft og makt over til og med dødskreftene sige inn over oss?
- Gir det mening for deg at du både er *bestemt* til å vere arving saman med Jesus *og* at du er *fri* slik at du har ansvar for det du gjer? Kva skulle alternativet ha vore?



## Raushet

- takksam deling

Korleis kan du eller gruppa di formidle og forklare kva for arv de har fått del i? Er du hard og stolt og «perfekt» ovanfor andre, eller viser du audmjukt til han som har gjort alt for deg slik at du så kan stå utan feil framfor Gud? Kven delar du arven med?



## Bøn

- takk, bøn og forbøn

- Takk for at Jesus gav avkall på alt han hadde for at vi skulle få arverett saman med han.
- Be om at han må lyse opp auga til hjarta våre så vi får innsikt i håpet, arven og krafta som finst i Kristus.
- Be om at vi må kunne formidle hans kjærleik til folk i bygda gjennom å vere *frimodige arvingar*.
- Del gjerne bønneemne og be for kvarandre.

# Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv

## Litt om serien:

Kva vil det seie å vere kristent fellesskap? Spørsmålet har vore med oss heilt sidan dei første gruppene Jesus-truande samla seg i heimane for å dele liv, lovnader og lovsong, og det er like aktuelt i dag som den gong. Paulus sitt brev til dei kristne i Efesos-området gir eit godt overblikk over kva som bør kjenneteikne livet i kristne fellesskap. Ut frå dette kjem visjonen for smågruppearbeidet i Normisjon S&F: **Jesu kjærleik for våre bygder- gjennom våre liv.**

Dette har vi konkretisert i 4 verdjar som vi ønskjer skal kjenneteikne oss. Gjennom fire gruppeopplegg vil vi gå gjennom desse verdiane og samtidig gjennom efesarbrevet. Vi ønskjer å vere:

### Frimodige arvingar

### Takksame tilbedarar

### Trufaste søsken

### Rause sendebod

## Litt om tema:

Tilbeding er å sjå kva Gud er verdt, og så gje han det han er verdt. Og Han er verdt våre liv. Difor er tilbeding ikkje særskilte "kristne" aktivitetar, men heile livet. Det skjer ikkje berre når vi møtast til gudsteneste, men på alle livet sine arenaer. Når vi lærer den tre-einige Gud og hans kjærleik å kjenne, han som skapte oss, frelser oss og fornyar oss, er det vanskeleg å ikkje bli fylt av takksemnd. Tilbeding for oss er ikkje sur plikt, men glad lidenskap. Våre liv og alt i dei er glad takksemnd til vår Gud.

# Takksame tilbedarar



Bibel

Les teksta høgt:

## Efesarbrevet

### kapittel 2, v 1-10

### og 3, v 14-21

-veglegiande spørsmål:

- Kvifor trur du Paulus brukar ordet «døde» i vers 2,1. Er det nødvendig å ta så hardt i?
- Kva slags viktig beskjed får vi i vers 2,8-9? Kva skal dette vere ei forsikring mot?
- Korleis vil du oppsummere det Paulus ber om i vers 3,14-21?



Felleskap.

## -den ærlege samtalen

- Er det stor skilnad på din/dykkar teoretiske kunnskap om evangeliet og det som kjem til uttrykk i praksis gjennom deg eller gruppa?  
Tenk på kva de tenkjer Gud kanskje kunne utretta gjennom deg eller gruppa, og prøv å ta inn over deg det som står i vers 3,20.



Raushet

## - takksam deling

Når *alt* djupast sett er gåver, korleis bør dette verke inn på vårt forhold til dei tinga og dei eigenskapane vi har fått?

Korleis kan vi tilbe gjennom raushet med det vi eig?  
Kven får glede av det du har fått?



- gjennom deg og vidare

Misjon

Vår takk og tilbeding går til Gud er fordi vi ser kva han har redda oss frå. Kvifor er det viktig at dette gjeld alle, at alle har sjølvsentrerte «innkrøkte hjarte» og at det er Guds nåde og ikkje gjerningar som kan fri oss frå det? Har folk rundt deg fått det med seg?



Bøn

## - takk, bøn og forbøn

- Takk for at Gud førte oss frå død til liv

- Be bøna i Ef 3, 14-21, men byt ut *de/dykk/dykkar* med *vi/oss/vårt*.

- Be om at evangeliet må bli stadig meir verkeleg og gripe inn i stadig større del av liva våre.

- Del gjerne bønneemne og be for kvarandre.

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalaner, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

**Kva hørde eg?**

**Kva gjer eg med det?**

# Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv

## Litt om serien:

Kva vil det seie å vere kristent fellesskap? Spørsmålet har vore med oss heilt sidan dei første gruppene Jesus-truande samla seg i heimane for å dele liv, lovnader og lovsong, og det er like aktuelt i dag som den gong. Paulus sitt brev til dei kristne i Efesos-området gir eit godt overblikk over kva som bør kjenneteikne livet i kristne fellesskap. Ut frå dette kjem visjonen for smågruppearbeidet i Normisjon S&F: **Jesu kjærleik-for våre bygder- gjennom våre liv.**

Dette har vi konkretisert i 4 verdjar som vi ønskjer skal kjenneteikne oss. Gjennom fire gruppeopplegg vil vi gå gjennom desse verdiane og samtidig gjennom efesarbrevet. Vi ønskjer å vere:

**Frimodige arvingar**

**Takksame tilbedarar**

**Trufaste søsken**

**Rause sendebod**

## Litt om tema:

Er Gud vår Far, er vi kvarandre sine søsken. Eit enormt privilegium. Eit stort ansvar – som forpliktar. Jesu kjærleik mot oss er urokkeleg. Hans trufastheit vil aldri vakle. Fordi han er trufast, vil også vi vere trufaste – faste i trua på Han, og mot kvarandre.

Vi gjev kvarandre aldri opp, vi vender ikkje ryggen til kvarandre. Saman deler vi byrder og gleder, sorgar og sigrar i den kjærleiken vi er elska med – Jesu kjærleik

# Trufaste søsken



**Bibel**

Les teksta høgt:

**Efesarbrevet**

**kapittel 4, v 14 –**

**kapittel 5, v 2**

**-vegleiande spørsmål:**

- Korleis er vers 4,14 aktuelt i vårt samfunn i dag?
- Korleis ville du opplevd det om dei rundt deg følgde «instruksane» i v 4,29-32?
- Kva er samanhengen mellom det Gud har gjort og det vi er kalla til å gjere i v 4,32-5,2?



**Fellesskap**

**-den ærlege samtalen**

- Sidan de er ulike personar, vil trushistoria dykkar sjå ulik ut. Har de ei slik kjensle av brå endring til «nytt liv», eller har det skjedd gradvis, eller synst du det er vanskeleg å merke skilnad?
- Eit gamalt prinsipp er at det går an å «hate synden, men elske syndaren». Er dette utdatert? Gjeld det for deg?



**Raushet**

**- takksam deling**

Ved å ta det første, prøvande steget ut i ein samtale du veit at du treng å ta, så er du faktisk raus. Det inneber at du kan tape ansikt, og på den måten gir du av ditt eige. Har du ein slik prat «på vent» med nokon? Kva er risikoen og kva er den potensielle gevinsten med slike samtalar?



**- gjennom deg og vidare**

**Misjon**

Mange trur at kristendom handlar om å halde seg til eit sett med moralreglar som i vers 4,25-32, slik at ein kan vere god nok for Gud. Korleis kan du forklare at Jesu nåde forandrar dette?

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalar, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

**Kva hørde eg?**

**Kva gjer eg med det?**



**Bøn**

**- takk, bøn og forbøn**

- Takk for vi får vere Guds kjære born, slik at vi er søsken med same Far.
- Be for kristne søsken i land der dei blir forfølgd for å samlast slik vi gjer akkurat no.

- Be om å kunne snakke sant til kvarandre i kjærleik
- Del gjerne bønneemne og be for kvarandre

# Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv

## Litt om serien:

Kva vil det seie å vere kristent fellesskap? Spørsmålet har vore med oss heilt sidan dei første gruppene Jesus-truande samla seg i heimane for å dele liv, lovnader og lovsong, og det er like aktuelt i dag som den gong. Paulus sitt brev til dei kristne i Efesos-området gir eit godt overblikk over kva som bør kjenneteikne livet i kristne fellesskap. Ut frå dette kjem visjonen for smågruppearbeidet i Normisjon S&F: **Jesu kjærleik for våre bygder- gjennom våre liv.**

Dette har vi konkretisert i 4 verdjar som vi ønskjer skal kjenneteikne oss. Gjennom fire gruppeopplegg vil vi gå gjennom desse verdiane og samtidig gjennom efesarbrevet. Vi ønskjer å vere:

### Frimodige arvingar

### Takksame tilbedarar

### Trufaste søsken

### Rause sendebod

## Litt om tema:

Jesu kjærleik er ikkje berre for dei få, men for alle i våre bygder. Difor ønskjer vi å sjå oss sjølv som eit folk som har noko å melde. Raust og likefram, gjennom ord og kvardagsliv peikar vi på Han som er livet si kjelde og definitive midtpunkt. For slik er livet med Jesus: aktivt oppteken av å løfte menneskja og samfunnslivet i bygda. Kristne er ikkje her for å kritisere eller for å ta, men for å velsigne og for å gje. Vi verken kan eller vil trekke oss unna bygdene våre. Vi er sendebod, kjærleikens sendebod, sendt av Han som elsker først.

# Rause sendebod



## Bibel

Les teksta høgt:

### Efesarbrevet kapittel 6, v 1-20

-vegleiande spørsmål:

- Er det noko i teksten som provoserer deg? Kan dette perspektivet hjelpe: At det handlar om å vere *rause sendebod* i ulike situasjonar?
- Er det noko grunn til å bruke så store ord om dei vonde maktene i v12?
- Vers 13 tydar på at ein bør ta på rustninga *før* «den vonde dagen». Kva er skilnaden på å vere førebudd og å begynne og leite etter rustninga når kampen er i gong?



## Fellesskap

-den ærlege samtalen

- I kva situasjonar er det vanskeleg å vere «sendebod»?
- Kan du kjenne igjen mønsteret av skuldingar og freistingar frå ditt eige liv? Gir det mening å tenkje at desse løgnene kjem frå krefter utanfor deg sjølv?
- Korleis kan vers 12 faktisk hjelpe oss med å elske vår neste?



## Raushet

- takksam deling

På kva måte rår Paulus kristne i ulike situasjonar til å vere rause med andre i v. 1-9? Kan det overførast til dykkar livssituasjon, og kven er det i så fall de er kalla til å vere rause mot?



- gjennom deg og vidare

## Misjon

Eit sendebod sitt oppdrag er å formidle noko frå sin overordna. Kva er det vi har fått i oppdrag å formidle inn i vår daglege samanheng med arbeid/skule eller anna aktivitet?



## Bøn

- takk, bøn og forbøn

- Be om at de må kjenne igjen skuldingane og freistingane og at de skal vere rusta til å møte dei.
- Be spesielt for at de ikkje må bli freista til å trekkje dykk unna dei som de kan vere rause sendebod til.
- Be om at «orda må bli gjeve dykk når de opnar munnen» og at de får «frimod til å tala som de skal». (v19-20)
- Del gjerne bønneemne og be for kvarandre

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalaner, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

**Kva hørde eg?**

**Kva gjer eg med det?**